

# LURIFAKS

Lur klassen til å tru at du har lese ei bok. Vel ei bok som du bruker nokre minutt på å studere: omslaget, baksida, bla i henne, osv. Deretter skal du presentere boka ut frå det du har funne ut, og «lure» dei andre elevane til å tru at du har lese henne.

Det du skal sjå etter, er:

Kva er tittelen på boka?

Kven er forfattaren?

Kva slags bok er dette, ei framhaldsbok, ein teikneserie eller ei faktabok?

Kva handlar boka om?

De avsluttar med å lese boka høgt, og ser om du er god til å tippe, eller om det var du sjølv som blei lurt av boka.

